



Framo Flatøy AS
Flatøyvegen 24
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/992 - 19/11084

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

20.05.2019

Førespurnad krav til fettavskiljar - GBNR. 1/171

Me visar til epost motteke 06.05.2019 frå Tom Lilleskare, Framo Flatøy AS, med førespurnad om det vert sett krav til installering av fettavskiljar ved drift av kantinekjøkken med servering av blant anna varm mat.

I henhold til forurensingsforskriften § 15 A-4 om påslepp av avlaupsvatn til offentleg avlaupsnett, kan kommunar stille krav til verksemder om installasjon av fettavskiljar i samband med storkjøkkendrift jfr. forurensingsforskriften § 15A-4 bokstav b). Me viser og til Kommunenes Sentralforbund (KS) sine «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp». Oversikt over desse vilkåra ligg ute på Meland kommune sine nettsidar. Innleiinga peikar på at «Vilkåraenes formål er å ivareta det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent i forbindelse med tilknytning til offentlige vann- og avløpsanlegg, og å sikre betryggende utførelse av sanitærinstallasjoner og privat vann- og avløpsanlegg». Avgjerdane vert hovudsak tekne av kommunen som eigar av hovudanlegga og som leverandør av tenestane innanfor vatn og avlaup. I henhold til forurensingsforskriften § 15A-2 , 1. ledd er kommunen forureiningsmynde i slike saker.

Abonnementsvilkåra gjeld både for eksisterande og nye abonnenter.

Installasjon av fettavskiljar er underlagt søknadplikt og gebyrbelagt, jfr. kapittel 2 i KS sitt skriv om standard abonnementsvilkår og gebyrregulativ for Meland kommune. I samband med søknaden må søkjaren sende inn opplysningar om dimensjonering, type og størrelse på planlagt fettavskiljar med meir.

For meir informasjon om fettavskiljar og hjelp til å finne godkjent dimensjoneringsgrunnlag, anbefalar me at de tar kontakt med verksemder som forhandlar fettavskiljarar, som for eksempel Odin Maskin eller Kingspan VPI.

Med helsing

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

0 Utgåande brev med ein signatur (med mottakarliste)